

Day og Tid
1989

SYNSPUNKT



103385

Kampen mot dødsstraff

AMNESTY INTERNATIONAL KJEMPAR for å få dødsstraffa avskaffa over alt i verda. USA er det fremste målet for den kampanjen som nå er i gang, og her i landet er det ikkje vanskeleg å få tilslutnad. Det vart reagert sterkt på eit britisk fjernsynsprogram om ein dødsdom som truleg var utan skuld i det han vart avretta for. Då skal vi minne om at det berre er ti år sidan dei siste paragrafane om dødsstraff vart tekne ut av vår eiga straffelov. Det galdt militært svik under krig, men lova var utforma slik at også borgarlege brotsverk mot staten kunne straffast på den måten. Den gongen vart det hevda at under ein krig kan folk sjå annleis på dødsstraff enn i fredstid, og det bryt ned vordnaden for lov og rett dersom folk kjenner seg tvinga til å gå fram i strid med lova. Dette argumentet er det råd å skjone, men det er av stor symbolsk verdi å ha ei straffelov som ikkje inneheld ein einaste paragraf om dødsstraff. I staden for å tru at folk i ein ekstrem situasjon kjem til å handle i strid med lova, bør vi ta oss lov til å tru at eit humanitært syn vil vinne fram også i ekstreme situasjonar fordi vi har ei human straffelov. Etter krigen vart 25 dødsdommar eksekverte ved skyting på grunnlag av ei straffelov som vart utforma av eksilregjeringa og stadfest av nasjonalforsamlinga då freden kom. Einar Gerhardsen sa at uten dødsstraff ville det knapt ha vore råd å unngå at folk tok lova i eigne hender. Det hadde han kanskje rett i. Men det var det ingen som visste, og vi får ikkje vite det heller. Synet på dødsstraffa endra seg svært raskt, og etter kvart vart det vanskeleg å få folk i ansvarsposisjon til å leie eksekusjonspelotonganane. Kanskje hadde det strafferettslege klimaet vore eit anna frå første fredsdag dersom dei forande politikarane hadde hatt eit anna standpunkt og førebudd det til freden kom. Vår nære historie viser at folkemeininga svingar lett etter skriftande inntrykk. Det legg eit særleg ansvar på politikarane. Den sterke norske reaksjonen på det britiske fjernsynsprogrammet nyleg viser oss også tidsavgrensingane i folkesjela. Då er det godt å ha ei straffelov som ikkje alt for raskt kan tillempast til bruk av dødsstraff dersom folkemeininga under andre tilhøve og inntrykk skulle endre seg.

AMNESTY HAR OPPLYST

at det nå er hundre land som brukar dødsstraff. Dei siste ti åra har desse landa eksekvert ikring 15000 dødsdommar. Somme diktaturland brukar dødsstraff som reaksjon både på politiske aktivitetar og kriminelle handlingar. Rettssakene kan vere summariske, og styremaktene greier påfallande ofte å finne kriminalitet som grunnlag for å døsdømme folk dei vil kvitte seg med av politiske grunnar. Sør-Afrika er eit land det er lett å tenkje på i denne samanhengen, men Iran toppar vel lista. Politisk undertrykking er i seg sjølv i strid med menneskerettane, og dødsdommar og avrettingar på dette grunnlaget er det verste av alt. Ein veksande verdsopinion vender seg mot land som går fram på denne måten.

SJU EUROPEISKE LAND brukar dødsstraff. Dei er alle kommunistiske. USA er det einaste vestlege demokratiet som har dødsstraff og er dermed i ei særstilling. I amerikanske fengsel er det nå 2200 som ventar på at dødsdommen skal fullbyrdast, og talet aukar etter kvart. Både Ronald Reagan og George Bush er tilhengjarar av dødsstraff, og til ledige plassar i den høgste domstolen har dei funne folk som deler dette synet. Faren for eit amerikansk blodbad utan sidestykke i fredstid er årsaka til at kampanjen mot dødsstraff først og fremst vender seg mot amerikansk opinion.

DET BLIR HEVDA av dei som stor dødsstraff at dette må til for å skremme folk frå kriminelle handlingar i ei tid med aukande valdsbruk og kriminalitet. Motargumentet er at det aldri kan vere rett å ta liv, same kor grovt eit brotsverk er. Dødsstraff er i strid med menneskerettane. Den preventive verknaden av dødsstraff kan ikkje påvisast. Der imot er det grunn til å tru at dødsstraff fører til endå meir grov kriminalitet. Men det er diverre ikkje noko som tyder på at denne argumentasjonen når fram. I stat etter stat er det ein veksande majoritet som krev dødsstraff, og politikarane bøyer seg for opinionen. Amnesty gjev likevel ikkje opp. Det beste som kunne hende, ville vere om Mikhail Gorbatsjov i perestrojkaens ånd fekk avskaffa dødsstraffa i aust. Det argumentet ville ikkje amerikansk opinion kunne stå seg mot.

Herbjørn Sørensen